

---

**Fra:** Njål Ottesen <njo@nettstar.as>  
**Sendt:** 8. mai 2014 15:11  
**Til:** Harald Stanghelle  
**Emne:** Fiberbreidband til Toska

Hei Harald

Viser til telefonsamtale med deg tidligere i veka.  
Eg har hatt ein uformell spørjerunde på Toska både blant fastbuande og hyttefolk, der eg har tatt i bruk både telefon, epost og sosiale media.

Det eg kan seie er at dei fastbuande her ute stiller seg nær sagt 100% bak ønsket om få få fiberbreidband ut her.

Når det kjem til hyttefolket er dei litt verre å få tak i, då fleire er spreidd kring heile landet.  
Men etter dei tilbakemeldingane eg har fått så trur eg at eg kan fastslå at over halvparten av hyttene her ute ønskjer fiber.

No håper eg at det er hensynet til dei fastbuande som veg tyngst, og at dykk tar i betrakting det faktum at me har svært få alternativ her ute.

For dei få med sikt til antennene er det nettstar, for alle andre er det ice.  
Det telenor kan tilby oss her ute kan ikkje ein reknast for breiband.

Utan å ha foretatt noko nøyaktig folketeljing så vil eg anslå antall fastbuande på Toska til 55 personer fordelt på 20 hus.

Dette er personer med fast adresse på Toska og fast bustad.

I tillegg er det ein masse hytter, dei har eg ikkje talt, men berre i det nye feltet sør ved bruа er det 27.

Så alt i alt av hytter og fritidsbustader så trur eg talet der er rundt 60 eninger.

Eg voner at med nær 100% oppslutning blant dei fastbuande, så skal det være vanskelig å utelate Toska frå den kommande søknaden om fiberbreidband.

Høyrer frå dykk

Brgds  
Njål Ottesen  
Toskavegen 570  
5936 Manger  
Mob; 48 200 177  
[njo@nettstar.as](mailto:njo@nettstar.as)